



Marina Solutions AS
Ivar Aasen-gata 10
6150 ØRSTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14972 - 21/66895

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
21.02.2022

Ferdigattest for flytebryggeanlegg - gbnr 70/27 Feste

Administrativt vedtak: Saknr: 203/22
Tiltakshavar: Feste Nærkjøp AS
Ansvarleg søkjar: Marina Solutions AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for flytebryggeanlegg på gbnr 70/27 m. fl. slik det er søkt om.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 14.06.2021 og 28.06.2021. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottatt 20.09.2021.

Skildring

Bygningstiltak:	Flytebryggeanlegg med hovudbrygge med utriggarar og 20 båt plassar og to mindre brygger der ei brygge skal nyttast til bunkring. Eksisterande flytebrygge er fjerna.
-----------------	---

Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/14972

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Feste Nærkjøp AS

Feste

5912

SEIM

Mottakarar:

Marina Solutions AS

Ivar Aasen-gata 10 6150

ØRSTA